



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2209 - 18/23553

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
22.08.2018

Løyve til etablering av felles avløpsanlegg - gbnr 58/42, 58/114, 58/119 og 58/129 Lygre indre

Administrativt vedtak. Saknr: 394/18

Tiltakshavar: Laila Mjanger
Ansvarleg søker: Hjelmås VVS AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av avløpsanlegg for eigedomane gbnr 58/48, 58/114, 58/119 og 58/129. Det skal etablerast biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargester Biodisc i samsvar med utsleppsløyve gitt i administrativt vedtak sak 252/18 datert 24.05.2018.

Det vert elles vist til søknad mottatt 11.07.2017, supplert seinast ved tilleggsdokumentasjon mottatt 23.07.2018.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.07.2018 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i område som er omfatta av reguleringsplanen for Buskneset hytteområde med planid 1263-07021985. Reguleringsplanen har ikkje fastsett byggjegrænse mot sjø og tiltak som skal etablerast innanfor 100-metersbeltet langs sjø krev difor at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå § 1-8 i plan- og bygningslova (pbl). Det vert vurdert at etablering av anlegget elles er i samsvar med gjeldande plan.

Det er gitt dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av avløpsanlegg i administrativt vedtak saknr 237/18 datert 23.05.2018

Nabovarsel



Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg føre merknader frå eigar av gbnr. 59/2 og 59/11 til saka. Merknadane gjeld i hovudsak konsekvensar ved omsøkte utslepp i forhold til badeinteresser og vasskvalitet og er vurdert ved handsaminga av søknad om dispensasjon, jf administrativt vedtak saknr 237/18 datert 23.05.2018 og utsleppsløyve gitt i administrativt vedtak saknr 252/18 datert 24.05.2018. Vedtaka er ikkje påklaga. Naboane sine interesser er vurdert ivaretatt gjennom vedtak fatta i saka og vert ikkje vurdert ved handsaming av byggesøknaden.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i revidert situasjonsplan datert 19.06.2018.

Bergen og Omland havnevesen har i vedtak datert 08.08.2017 (gjeld pumpeledning) og 19.07.2018 gitt løyve til plassering av anlegget i sjø.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

Privatrettslege tilhøve

Det ligg føre erklæring med løyve til å plassera anlegget på eigedomen gbnr 58/2, jf erklæring tinglyst 19.07.2017, og erklæring om felles solidarisk ansvar, jf erklæring tinglyst 19.07.2017.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Nødvendige privatrettslege tilhøve synast sikra ved dei erklæringar som ligg i saka.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søker si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det løyve i eitt-trinn for etablering av avløpsanlegg på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.06.2018, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal utførast i samsvar med utsleppsløyve gitt i administrativt vedtak i saknr 252/18 datert 24.05.2018**
- 3. Tiltaksklasse vert godkjend slik det er søkt om.**

4. Før det vert gjeve ferdigattest/ mellombels bruksløyve for tiltaket skal plassering av anlegget dokumenterast ved innmålingsdata eller utmål frå fast definerte punkt eller bygg.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2209

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bente Skjegstad Strand
Jan Gunnar Flæsland
Jan-Olav Strand
Laila Mjanger
Morten Andre Mjanger

Våkleivbrotet 66 5155
Olsvikmarken 147 5183
Våkleivbrotet 66 5155
Fantoftneset 9 5072
Kjenndalstoppen 1 5225

BØNES
OLSVIK
BØNES
BERGEN
NESTTUN

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS